

Bli helsefagarbeider

Bli helsefagarbeider er eit nasjonalt prosjekt som er finansierast av Helsedirektoratet via Kompetanseløftet 2015. Målgruppa er både unge og vaksne utan formell utdanning. Målet på nasjonalt nivå er at bruttotilgangen årleg skal vere 4500 helsefagarbeidarar, herav 1500 unge og 3000 vaksne. For å nå desse måla, må det arbeidast med rekruttering på ulike måtar, med ulike metodar og på ulike nivå i både utdannings- og helse- og omsorgssektoren. Blant anna må fleire vaksne utan formell utdanning motiverast til å kvalifisera seg som helsefagarbeidar. Prosjektet skal òg bidra til å auka antal læreplassar i kommunar, helseføretak og private verksemdar på same tid som det rettast merksemd på kvaliteten i opplæringa.

Samfunnskontrakten for fleire læreplassar er òg eit viktig styringsdokument for prosjektet. Denne kontrakten vart initiert av Kunnskapsdepartementet og signert av alle partane i arbeidslivet i 2012 med overordna mål å forankre fagopplæringa i alle relevante bransjar og sektorar, og få lærekontraktar til alle elevar som ynskjer det.

Styringsgruppa til Bli helsefagarbeider er samansett av representantar frå Helsedirektoratet og Arbeidsgiverorganisasjonane KS, Virke og Spekter. Det er fem fulltidstilsette i prosjektet. Alle prosjektrettileiarane har sitt tilsettingsforhold i kommunesektoren sin organisasjon KS, og ei av desse har Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane som sine særskilde fokusområder.

Døme på Bli helsefagarbeider sin pågåande og utførte aktivitet i Hordaland:

- Opplæring av rekrutteringspatruljar kvar haust. Dette er to dagar der lærlingar/ helsefagarbeidarar får opplæring mellom anna i presentasjonsteknikk, etikk og omdømmebygging. Dei får utdelt malar til presentasjonar dei skal bruke når dei besøker 9., 10. og klassar i vidaregåande skule. Mange held òg innlegg for administrasjon og politikarar.
- Dagsamling hausten 2013 i lag med KS-leiar i Hordaland for alle lærarane i Hordaland på VG1 og VG2 helse- og oppvekst og helsefag, der både rekruttering og oppdatering av kunnskap om kvardagen i kommunane og aktuelt lovverk var tema
- Held foredrag for arbeidsgjevarar på mange ulike arenaer, deltek på stand på mange ulike konferansar der både arbeidsgjevarar, leiarar, politikarar og tilsette er representerte.
- Det vert arrangert VG2-konferansar for alle helsefagelevar i Hordaland for å gjere litt ekstra stas på dei. Målet er både å treffe og sjå kvarandre, få fagleg og praksisnært påfyll, samt å bygge både yrkesidentitet og lyst til å fortsette i yrket.
- Arbeidsplassbesøk i lag med Fagforbundet.
- Møter og samarbeid med Nav.
- Møter og samarbeid med ulike arbeidstakarforbund.
- Møter og samarbeid med kommunar- både leiarar, tilsette, elevar, brukarar og pårørande.
- Møter og samarbeid med Fylkeskommunen.
- Møter og samarbeid med opplæringskontor.
- Møter og samarbeid med bedrifter og helseføretak, mellom anna saman med direktør i Virke
- Annakvart år vert det arrangert Fylkesmeisterskap i helsearbeidarfaget i samarbeid med både Fylkeskommunen, kommunar og arbeidstakarforbund. Vinnaren går vidare til yrkes-NM, og vinnaren i NM går vidare til yrkes-VM.
- Deltaking på yrkesmesser der elevar i både 9., 10. på ungdomsskule og VG1 og VG2 på vidaregåande skular og foreldre har vore deltakarar.
- Deltaking på konferansar og møter for rådgjevarar.
- Arrangerer årlege nasjonale konferansar om rekruttering der både offentlege og private leiarar, rådgjevarar i både skule og administrasjon og undervisningspersonell inviterast. Her vert det presentert både ny forskning og interessante døme frå kvardagen.
- Samarbeid med Fylkeskommunen om kampanje for å gjere kjent fagskulen for helsefag. Dette arbeidet er særst viktig for å kunne gjere kjent at det finst ein karriereveg også for helsefagarbeidarar, og er såleis eit viktig rekrutteringsargument. Det er viktig at denne kampanjen vert retta mot både arbeidsgjevarar og tilsette og både mot kommune og helseføretak.

Kommunesektoren sin organisasjon KS i lag med Bli helsefagarbeidar jobbar òg med:

- Alle kommunar i fylket vart inviterte til utviklingsverkstad i høve «**det store heltidsvalget**», og 7 kommunar melde seg på og er no i gang med å gjere noko ift. rekruttering gjennom alternative arbeidstidsordningar i sjukeheim.
- Dialogmøter med kommunane ilag med Fylkesmannen, Høgskulen og Fylkeskommunen på Kompetanseløftet
- Møter, konferansar og dialogmøter med KS-styret.
- Møter, konferansar og dialogmøter med kommunale HR/ personalleiarar.
- Arrangerer årlege strategikonferansar på nyåret for rådmenn, ordførarar og leiarar.

- Arrangerar årlege haustkonferansar for same fora.
- Deltaking i ulike fora der rekruttering er tema.
- KS Hordaland har både ein dagleg leiar og også eigne tilsette som blant anna jobbar direkte mot undervisning/ opplæringsfeltet og dei deltek begge i ulike etablerte fora for dette.

I tillegg er KS-lokalt på både mail og telefon og kan svara på spørsmål/gje rettleiing for alle. Det same gjeld tilsvarande prosjekt i dei to nabofylka og ein del nasjonalt arbeid.

Kontaktperson for KS lokalt er:
Sølvi Olrich Sørebo
Prosjektveileder, Bli helsefagarbeider

Epost Email: solviolrich.sorebo@ks.no

Mobil Cellular: (+47) 958 52 147

www.ks.no/helsefagarbeider



KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities